

# Regionalt fagnettverk innan habilitering for barn, ungdom og vaksne i Helse Vest

---

## Bakgrunn

Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering har som ei av sine fem hovud oppgåver, nettverksbygging, som er gitt i mandat frå Helse Vest:

«Fokus på nettverksbygging i regionen er en måte å sikre regional forankring og at kompetanse- og fagutvikling skjer på tvers av helseforetaksgrensene og inkluderer private aktører».

I Regional plan for habilitering og rehabilitering 2016-2020 kjem det fram ein del utfordringsområdar innan habilitering og forslag til forbetringstiltak. Eit av forslaga er å etablere regionale, tverrfaglige kompetansenettverk på tvers mellom habiliteringstenesta for barn og ungdom (HABU) og habiliteringstenesta for vaksne (HAVO). Med bakgrunn i dette ynskjer kompetansesenteret og etablere eit regionalt fagnettverk innan habilitering for barn, ungdom og vaksne i Helse Vest.

## Formål og oppgåver for nettverket

Det er eit mål at nettverket skal bidra til kunnskapsbasert praksis innan pasientbehandling og likeverdige helsetenester innan spesialisert habilitering i Helse Vest. Fagnettverket skal jobbe saman om felles oppgåver som angår kvalitetsforbetring og utvikling av fagtilboda ved tenestene. Nettverket skal sjå til Regional plan for habilitering og rehabilitering og andre overordna føringar som til ein kvar tid gjeld.

Eksempel på aktuell tematikk:

- Arrangere regional konferanse/seminar/workshop med fokus på erfaringsutveksling, drøfting av forbetringsområder, kunnskapsformidling, utvikling av tenesta, dei gode eksempla, o.a.
- Oppfølging av regionale og nasjonale planer
- Jobbe med kunnskapsbaserte prosedyrar; -pasientforløp; og -retningslinjer
- Tema frå «ferske» rapportar

- Brukarundersøking i eigen region
- RHABU sin rapport om forskingsbasert kunnskap i habilitering
- Habilitering av vaksne i spesialisthelsetenesta – utfordrande oppgåver med avgrensa ressursar
- Overgang frå barn til vaksen - ungdomshelse
- Organisering av tenestene. Korleis påverkar dette de helsetenestene vi gir?
- Utvikle gode tiltak saman med kommunane
- Brukermedverknad i habilitering
  - Korleis gjer vi det?
  - Kven samarbeider vi med?
- Oppfølging av barn og unge med erverva hjerneskade

## Medlemmer

Tilsette ved HABU og HAVO deltar i fagnettverket med ein (1) person frå kvar teneste (8 stk). Ved behov inviterast aktuelle fagressursar inn etter avtale med dei respektive leiarar. Eksterne fagpersoner kan også inviterast inn ved behov. Nettverket skal ha brukardeltaking frå Regionalt brukerutval. Ein skal ha som mål at nettverket er mest mogleg tverrfaglig samansett av engasjerte fagpersoner. Det er tenesta sjølv som avgjer kven dei vil ha representert inn i nettverket.

## Organisering og drift

Nettverket blir drifta av Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering ved koordinator som står for innkalling til møter, referatføring, er bindeledd mot leiarnettverket i tema som angår oppgåver i fagnettverket, og andre administrative oppgåver. Prioriteringar og handlingsplan for fagnettverket skjer i tett samarbeid med leiarnettverket. Kompetansesenteret er ansvarlig for arrangement i nettverket.

Nettverket lagar ein årleg handlingsplan. All aktivitet og framdrift skjer i eit tett og opent samarbeid mellom aktørane i fagnettverket. Avgjersler i nettverket må vere basert på konsensus. Ingen avgjerder i nettverket kan overstyre den enkelte habiliteringstenesta si verksemd. Aktivitet i nettverket vil bli rapportert gjennom årleg rapportering ved kompetansesenteret. Nettverket evaluerer eigen aktivitet årleg.

## Økonomi

Alle kostnader forbundet med deltaking i nettverket må bli dekt av deltakarane. Arrangement som nettverket arrangerer må bli dekt inn via deltakaravgift. Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering stiller eigne møtelokalar til fri disposisjon for nettverket.

## Kommunikasjon

Kommunikasjon og samarbeid i nettverket skjer via e-post, telefon, lync/video og 1-3 fysiske møter årleg. Møta føregår som hovudregel i Bergen. Det er naturleg at ein har hyppigare møter ved oppstart av nettverket, desse kan være på Lync.

SharePoint kan også vere ein mogleg plattform for kommunikasjon og samling av felles dokumenter. Det vil bli oppretta eige meny punkt for nettverket på kompetansesenteret si nettside. Om medlemmer tar på seg oppgåver på vegne av nettverket må det gå fram av oppdraget.